



Lingalaks AS
Lingavegen 206
5630 STRANDEBARM

Dato: 30.06.2017
Vår ref.: 2016/34919-21
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Lingalaks AS org. nr. 960900626 - Avslag på søknad om utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar komplette søknad av 22.12.2016.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette avslag på søknad om løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse på 3620 tonn på ny lokalitet Toska Sør i Radøy kommune.

Lovheimel

Vedtaket er fatta med heimel i lov av 17.juni 2005 om akvakultur, forskrift av 22.desember 2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta) § 30, Generelle vilkår for klarering av lokalitet, bokstav c punkt 3 kor det heiter:

"Lokalitet for akvakultur kan klareres dersom;

- c) det er gitt tillatelser som kreves etter*
- 2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall*
- 3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*


BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Lingalaks AS søkte 22.12.2016 om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) og endring og flytting av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 14018 Toska Sør i Radøy kommune.

Lokalitet 14018 Toska Sør er godkjent for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 1560 tonn. Godkjent anlegg består av eit kompakt stålanlegg med 6 bur, samt ein fôrflåte. Samla har noverande godkjente installasjonar løyve til å nytte omlag 6 dekar overflateareal.

Lingalaks AS søker no om ny lokalitet om lag 500 meter lengre sør. Dette anlegget skal kome til erstatning for eksisterande lokalitet Toska Sør. Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av 10 rammebur a 100x100 meter i 2 rekker. Omsøkt areal er om lag 100 dekar. Fôringsflåten er søkt plassert nordvest for merdanlegget. Kartet under syner godkjent og omsøkt anleggspllassering.



Figur 1. Anleggsskisse til venstre viser noverande godkjent anleggspllassering, og anleggsskisse til høgre viser omsøkt plassering av akvakulturanlegg.

Verksemda søker om utviding i MTB i anlegget fra 1560 tonn til 3620 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjør Lingalaks AS følgjande:

«Bakgrunnen for søknaden om endring av posisjon for anlegget er for å gje betre miljøtilhøve på lokaliteten for å tilpasse oss tiltakspakke mot sjukdom, som er føreslegen. Vedlegg 6.3.1 viser bakgrunn for risikovurdering angående posisjonering av anlegg langs kontra på tvers av strømretning. I soneinndelinga som er iverksatt kjem Toska S til å bli ein svært viktig lokalitet for Lingalaks AS, og ved endring av posisjonen vil dette medfører at vi kan optimalisere drifta ytterligare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein ”alt inn – alt ut ” produksjon mest mogleg hensiktsmessig. Dette er ei plassering som gjev optimale miljøtilhøve og vil gje vinst mhp fiskehelse og motstand mot parasittar i anlegget. Etableringa av framtidsretta anlegg mhp å tilfredsstilla krav i komande forskrifter, vil også klart vera med å legga tilhøva til rette for vitlevande bestandar. Tilpassing til soneinndelinga vil betra dei langsigte utviklingsmogelegehetene for nærliggjande lokalitetar og næringa.»

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskriftena. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriftena. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Sjølvé anlegget som er synleg i overflata og meste delen av fortøyingane ligg i Radøy kommune, medan fire fortøyingar mot sørvest går inn i Meland kommune. Søknaden vart difor send for uttale til begge kommunane. Sidan hovuddelen av tiltaket ligg i Radøy kommune vart dei beden om å legge søknaden ut til offentleg ettersyn. Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn. Det kom merknader til søknaden frå:

- Hope & Co advokatfirma på vegne av Granit Radøy og Radøygruppen AS.
- Naturvernforbundet Nordhordland.

Hope & Co advokatfirma på vegne av Granit Radøy og Radøygruppen AS har i sin uttale vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for ferdsle og tilkomst til/bruk av Radøygruppen AS sitt regulerte næringsområde på Mangerøy-Kjebogen. Omsøkt etablering av akvakulturanlegg vil kome i direkte konflikt med drifta av det nye industrianlegget, samt planane om mellombels oppankring av riggar i framtida og oppankring av slike i påvente av arbeid. Det vert vist til at omsøkt lokalitetsområde for akvakulturanlegget ligg 580 meter frå det planlagde oppankringsområdet for riggar og om lag 940 meter frå kaien på det nye industrianlegget. Eit akvakulturanlegg som omsøkt vil langt på veg umuleggjere skipstrafikk med større skip til og frå industrianlegget. Dersom Lingalaks AS vert gjeve løyve vil det ikkje vera muleg å vidareføre planane for industrianlegget.

Naturvernforbundet Nordhordland har i sin uttale vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for fiske. Det er mellom anna vist til gyteplass for torsk. Vidare vert det vist til at flytting av lokaliteten vil få konsekvensar for friluftsliv. Det er mellom anna vist til eit delvis sikra «svært viktig» regionalt friluftsområde og småbåthamn på Mangersholmane.

Meland kommune har kome følgjande med uttale den 13.01.2017. «*I gjeldande kommuneplan for Meland 2015-2016 kjem plassering av oppdrettsanlegget inn på områder for ferdsel og fiske (FEFI) og fiske, ferdsel og friluftsliv og akvakulturinteresser (FEFIAKFR_1). Tiltaket er delvis i tråd med arealføremålet i gjeldande kornmuneplan. Vidare gjer me merksam på at anlegget kan kome i konflikt med ferdsel då bilei nr. 2268 og 226 (stipla linjesymbol) jf. Kystverket sine registreringar går ved lokaliteten til det nye anlegget. Det er ikkje registrert spesielle artar eller spesielle naturverdiar på området, men det er registrert ein nær trua art (brisling) i nærlieken. Denne vert truleg ikkje påverka av tiltaket. Meland kommunen har elles ingen merknader.»*

Radøy kommune har i sin uttale av 09.03.2017 gått igjennom planstatus for omsøkt område, utført søk i WMS frå GeoNorge katalog etter interesser i området og vurdert innkomne merknader.

For føremålet fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatn og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon viser kommunen til at kommuneplanen ikkje har føresegner som klargjer vilkår for bruk av fleirbruksområde. Det er kommunen si vurdering at der det er nyttå eit fleirbruksområde i plan, utan føresegner som klargjør vilkår for bruk, må det leggjast til grunn ein føresetnad om at bruken skal kunne skje likestilt og parallelt, og ikkje eksklusivt for eit av underføremåla. I og med at kommunen ikkje hadde intensjonar om å opne fleirbruksområde for akvakultur er det i kommuneplanprosessen ikkje gjennomført ein kartlegging av interesser som vil kome i konflikt med akvakulturnæringer i fleirbruksområde.

Kommunen har ikkje fagleg grunnlag for å ta stilling til ein eventuell konflikt mellom tilkomst/forankring av fartøy for Radøygruppen si verksemد på Mangerøy-Kjebogen og akvakulturanlegget. Kommune legg til grunn at Kystverket i vedtak etter hamne- og farvasslova vil avklare konsekvensane for ferdsle generelt, og tilkomst til Radøygruppen sitt anlegg spesielt.

Kommunen har ikkje fagleg grunnlag for å ta stilling til ein eventuell konflikt mellom fiskeriinteresser og akvakulturanlegget. Kommunen legger til grunn at konsekvensane for trålefeltet vil verte avklart i ein uttale frå Fiskeridirektoratet. Når det gjeld konsekvensane for fiskeliv og fiske generelt legg kommunen til grunn at fylkeskommunen som vedtaksstyresmakt vil vurdere konsekvensane av akvakulturanlegget etter naturmangfaldslova.

Det er eit statleg sikra friluftsområde på Trettholmen. Det er ein regulert fritidsbåthamn på Mangersholmane, i reguleringsplan for Mangersholmen båthamn er det regulert inn badeområdestrand og friluftsområde i sjø. Området kring Mangersholmane og Toska er et mykje nyttå sjøområde, spesielt for busetnaden i Manger sentrum og for bustadfelta på Selfallet og Urhaug.

Sektorstyresmaktene si handsaming

Fiskeridirektoratet region Vest har handsamma søknaden 02.03.2017. Fiskeridirektoratet skal gje uttale i høve til eventuelle konfliktar med fiskeriinteresser som følge av tiltaket. På bakgrunn av det Fiskeridirektoratet veit om fiske med tradisjonelle reiskap i desse sjøområda, ser ein ikkje at etablering av

oppdrettsanlegg på ny lokalitet ca. 500 meter sør for noverande lokalitet vil medføre vesentlig auka konfliktpotensial med fiske.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har ikkje handsama søknaden. Fylkesmannen si oppgåve er å handsame søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova. I brev av 27.01.2017 skriv Fylkesmannen at ein etter forureiningslova § 11 ikkje kan gje samtykke til tiltak i strid med arealplanar etter plan- og bygningslova.

Mattilsynet Region Sør og Vest har handsama søknaden 25.01.2017 og 31.01.2017. Saka er i hovudsak vurdert etter forskrift om etablering og utvidelse av akvakulturanlegg, zoobutikker m.m. Føremålet med forskrifta er å fremje god fiskehelse- og velferd. Mattilsynet godkjenner utviding av akvakulturlokalitet 14018 Toska Sør til ein produksjon på 3620 tonn MTB for oppdrett av matfisk av laks og aure. Det er sett følgjande særskilte vilkår: Omsøkt lokalitet er plassert i eit område som er omfatta av eit smittehygienisk fellesområde (SFO) fastsett av Mattilsynet, SFO nr.15 Radøy. Løyve til utviding av MTB ved lokalitet Toska S vert gjeve med vilkår om at lokaliteten har minimum ein månad felles brakkleggingstid med dei andre lokalitetane i SFO nr.15.

Kystverket Vest handsama søknaden 23.06.2017. Ut frå sikkerheitsmessige omsyn og med særleg vekt på framkomelegheten for større skip som trafikkerer området, samt bruken av Mangersfjorden som naudhamn/venteområde for store sjøoperasjonar finn Kystverket Vest å fatte vedtak med heimel i hamne- og farvannslova om avslag på søknad om endring og flytting av anlegg for oppdrett av matfisk på lokalitet Toska Sør i Radøy kommune.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET OM AVSLAG

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattryygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
 - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, og*
 - 5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*
- d) *det ikke er i strid med*
 - 1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven,*
 - 2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
 - 3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfold, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar.

Rådgivende Biologer AS har utført forundersøking og konsekvensutgreiing på ny omsøkte lokalitet. Hydrografi syner gode og upåverka tilhøve i botnvatnet, og med omsyn på oksygeninnhald var botnvatnet på stasjon C2 innanfor tilstandsklasse I = «svært god». Det var låge konsentrasjonar av kopar og sink i

sedimentet tilsvarande tilstandsklasse I= «bakgrunnsnivå», samt eit jamt og normalt innhald av fosfor og nitrogen som ein finn i sediment i djupe fjordar. Sedimentet på samlede stasjoner framstår som upåverka, og straumtilhøva og vassutskifting tilseier at området er godt eigna til oppdrettsverksemd.

Resultat frå forundersøkinga tydar på at den omsøkte lokaliteten, som ligg ca. 500 meter sør for noverande lokalitet, er betre eigna for fiskeoppdrett. Samstundes vil produksjonsauke frå MTB 1560 tonn til 3620 tonn medføre auka belasting på det marine miljøet og vi understreker at utvikling av miljøtilstand på lokaliteten må følgjast opp med miljøundersøkingar iht. NS 9410:2016.

Av omsyn til at det er registrert rekefelt i umiddelbar nærleik av lokaliteten, ber vi om særskild varsemd ved bruk av kjemikalier/legemiddel i samband med lusehandsaming av fisken.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering av lokaliteten.

Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreiing av lakselus etc. Det er av stor betyding at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville bestandane av laksefisk.

Rømming av laks og aure er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten ligg i Mangersfjorden som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse. I tillegg er ytterlegare dokumentasjon til søknaden som vurderer i kva grad det vil vere verknader for miljø og samfunn i høve til naturmangfaldlova og regelverket om konsekvensutgreiing utført.

Naturmangfaldslova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 §§ 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetidelingsforskrifta § 30 a.

Akvakulturlova, laksetidelingsforskrifta, NYTEK – forskrifta, IK – akvakulturforskrifta og akvakulturdriftsforskrifta sett krav til etablering og drift av akvakulturanlegg, og i dette regelverket er det krav til kunnskapsgrunnlaget før klarering av lokalitet. I den ordinære sakshandsaminga av akvakultursaker vert det kravd dokumentasjon i form av straummålingar, miljøgranskinger, kart over botntopografi, naturverdiar og biologisk mangfald, viktige lakseførande vassdrag, anleggsskisser, beredskapsplaner og dokumentasjon av selskapet sitt internkontrollsysteem. Kommunen og sektormynde vert gjeve moglegheit for å krevje supplerande utredningar. Fylkeskommunen finn at krava i akvakulturregelverket tilfredsstiller krava til opplysning av saka etter naturmangfaldlova § 8.

Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet. Det ligg og i våre vurderingar at etablering av eit matfiskanlegg er eit reversibelt tiltak. jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Fylkeskommunen viser til vurderinga etter naturmangfaldlova § 8 og legg til grunn at det ligg føre tilstrekkelig kunnskap om verknader lokaliteten kan ha for naturmiljøet. Akvakulturloven § 10 slår fast at «Akvakultur skal etableres, drives og avvikles på en miljømessig forsvarlig måte». Vi vurderer det som å vere liten risiko for at miljøet skal bli negativt påverka av å utvide oppdrettsproduksjonen på Toska Sør frå

1560 tonn til 3620 tonn MTB. Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Den samla lastninga på naturmiljøet i Mangersfjorden vert i liten grad endra. Resipientundersøking i vassførekosten har synt at resipienten ikkje er uakseptabelt negativt påverka av oppdrettsaktiviteten i området. Vi viser og til vår vurderingar etter laksetildelingsforskrifta § 30 første ledd bokstav a krav om at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom det er miljømessig forsvarleg. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla lastning.

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg. Oppdrett av laks og aure kan ha effekt på vill laksefisk gjennom rømming, spreiling av lakselsus etc. Det er av stor betydning at drifta av anlegget er slik at ein unngår vesentleg påverknad på dei ville stammene av laksefisk, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekostnar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekostnane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Toska Sør ligg i vassførekosten Mangersfjorden, som i samsvar med vann-nett har god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at auke i lokalitetsbiomassen vil føre til at miljøtilstanden i vassførekosten blir dårligare enn god.

b) avvegning av arealinteresser

Klarering av lokalitet for akvakultur kan berre gjevest om akvakulturvervaltninga har gjort ei veging mellom akvakulturverksemda sitt behov for areal og anna bruk av lokaliteten. Formålet med regelen er å bidra til ein effektiv og samfunnsvyttig arealbruk. Det styrande vil være ei heilskafeleg vurdering av korleis det aktuelle området kan nyttast på ein samfunnsmessig optimal måte, jf. Ot. prp. nr. 61 (2004-2005) side 69.

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lingalaks AS følgjande:

«Bakgrunnen for søknaden om endring av posisjon for anlegget er for å gje betre miljøtilhøve på lokaliteten for å tilpasse oss tiltakspakke mot sjukdom, som er føreslegen. Vedlegg 6.3.1 viser bakgrunn for risikovurdering angående posisjonering av anlegg langs kontra på tvers av strømretning. I soneinndelinga som er iverksatt kjem Toska S til å bli ein svært viktig lokalitet for Lingalaks AS, og ved endring av posisjonen vil dette medfører at vi kan optimalisere drifta ytterligare på lokaliteten og innanfor sonene med tanke på fiskehelsevelferd, og for å kunne gjennomføre ein ”alt inn – alt ut ” produksjon mest mogleg hensiktmessig. Dette er ei plassering som gjev optimale miljøtilhøve og vil gje vinst mhp fiskehelse og motstand mot parasittar i anlegget. Etableringa av framtidsretta anlegg mhp å tilfredsstilla krav i komande forskrifter, vil også klart vera med å legga tilhøva til rette for viltlevande bestandar. Tilpassing til soneinndelinga vil betra dei langsigte utviklingsmogeleighetene for nærliggjande lokalitetar og næringa.»

Fylkeskommunen legg etter dette til grunn at Lingalaks har eit vel grunna behov for å få klarert lokaliteten Toska Sør slik dei har søkt om.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.

Søkar sitt behov for areal skal vurderast opp mot annan muleg akvakultur i området. Oppdrett av matfisk av laks og aure er den mest samfunnsmessige lønnsame oppdrettsverksemda og må

prioriterast før andre driftskonsept eller andre artar. Den omsøkte lokaliteten har truleg potensiale til å kunne bli ein stor lokalitet for oppdrett av matfisk av laks og aure.

Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur. Fylkeskommune kan ikkje sjå at løyve kjem i konflikt med annan eksisterande eller planlagt akvakultur.

3. Anna bruk av området.

Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Ei kvar lokalisering av akvakulturanlegg i sjø vil medføre restriksjonar i høv til fiske og ferdsel i nærleiken av anlegget. Dette gjeld generelt og ikkje spesielt for denne lokaliteten.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Radøy kommune har i sin høringsuttale verken tilråd eller råd frå etablering av akvakulturanlegg som omsøkt. Hovuddelen av anlegget er omsøkt i eit areal i kommuneplanen der akvakultur er sidestilt med dei andre føremåla i fleirbruksområdet. I arbeidet med arealplanen er det gjennomført kartlegging av dei viktigaste områda og brukarinteressene som eventuelt vil kome i konflikt med kvarandre. Med bakgrunn i at det ikkje føreligg kjente konfliktar har ingen arealkategoriar fått prioritert, og ein har nytt fleirbrukskategorien som omfattar alle interessene. Ved søknad om tiltak må verknaden av tiltaket vurderast opp mot dei andre arealbrukskategoriane i området.


Til søknaden er det utarbeida ytterlegare dokumentasjon som vurderer arealkonflikt med anna bruk og interesse i området, samt i kva grad det vil vere verknader for miljø og samfunn i høve til naturmangfaldlova og regelverket om konsekvensutgreiing.

Friluftsområdet *Manger-Skageneset*, er eit utfartsområde i influensområdet og er vurdert som svært viktig (verdi A). Området har gode opplevingskvalitatar og er godt eigna og tilrettelagd for aktivitetar. Eksisterande lokalitetsområde til Toska Sør ligg innanfor friluftsområdet Manger-Skageneset. Nytt lokalitetsområde vil ligge utanfor det avgrensa friluftsområdet. For friluftsinteressene vert flytting av lokaliteten vurdert å ha ingen til liten positiv verknad.

Mangersfjorden er mykje nytt til friluftsliv, men det er ikkje registrert særskilt bruk ved lokaliteten Toska Sør. Anlegget er søkt plassert omlag 400 m frå land og sikrar dermed god passasje for fritidsbåtar. Til det statleg sikra friluftsområde på Trettholmen og reguleringsplan for Mangersholmane båthamn med badeområde og friluftsområde i sjø er det omlag 1000 meter. Erfaringar frå liknande saker tilseier at denne avstanden vil vera tilstrekkeleg for å unngå påverknad.

Radøygruppen si verksemد på Mangerøy-Kjebogen ligg omlag 950 meter frå omsøkt anleggspllassering, og omlag 850 meter frå godkjent plassering av akvakulturanlegg ved Toska Sør. Radøygruppen har send inn kartskisse som viser ønska plassering av boreriggar utan for industriområdet. Kartskissa viser overlapp mellom fortøyningane til boreriggane og omsøkt akvakulturanlegget. Det går ikkje fram om det er overlapp mellom fortøyningane til boreriggane og noverande godkjent plassering av akvakulturanlegg. Både noverande løyve og omsøkt plassering av akvakulturanlegg vil truleg utfordre forsvarlege tekniske løysingar for oppankring av boreriggar.

Når det gjeld tilkomst for farty til kaianlegga viser vi til Kystverket si handsaming etter hamne- og farvasslova.



Figur 2. Viser Radøygruppen si kartskisse over fortøyingane til boreriggane og fortøyingane til godkjent og omsøkt akvakulturanlegg.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser, og dei går ikkje imot at det vert gjeve løyve til endra plassering og utviding av anlegget.

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfatta av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Ikkje alle naudsynte løyve i samsvar med forskrifa punkt c føreligg.

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løyve til etablering av akvakulturanlegg på 3620 tonn MTB på lokaliteten er matlova og dyrevelferdslova. Løyve dagsett 25.01.2017 og 30.01.2017 er vedlagt.

Kystverket Vest har gjeve avslag etableringa etter havne- og farvannslova. Avslag dagsett 23.06.2017 er vedlagt.

Fylkesmannen i Hordaland har ikkje handsama søknaden etter forureiningslova og ikkje gjeve utsleppsløyve på den omsøkte lokaliteten. Uttale av 25.01.2017, 27.01.2017 er vedlagt.

Søknaden gjeld ein lokalitet i sjø og er difor ikkje handsama etter vassressurslova.

For å klarere ein lokalitet er det eit tvingande vilkår at det er gjeve naudsynte løyve etter laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav c. Dersom det ikkje er gjeve løyve etter ei av sektorlovene kan ikkje lokaliteten klarerast etter akvakulturregelverket. I denne saka har ikkje Fylkesmannen i Hordaland handsama søknaden og Kystverket Vest har gjeve avslag etter hamne- og farvannslova.

Ettersom naudsynte sektorløyve ikkje er gjeve kan ikkje fylkeskommunen klarere lokaliteten etter laksetildelingsforskrifta § 30.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova.

I kommuneplan for Radøy 2011-2023 vedteke 29.09.2011 er anleggspllasseringa hovudsakleg omsøkt i område avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatn og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon. Seks fortøyinger med ankerfeste mot nordvest er tenkt plassert i areal avsett til akvakultur.

Tilsaman fire fortøyinger mot sørvest går inn i Meland kommune. Dette området er i kommuneplan for Meland 2015-2026 vedteke 26.08.2015 avsett som kombinerte føremål i sjø. Føremålet er ferdsel, fiske, akvakultur og friluftsliv.

2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova.

Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det fins kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering av saka finn Hordaland fylkeskommune å måtte avslå Dykkar søknad om løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse på 3620 tonn på ny lokalitet Toska Sør i Radøy kommune.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å söke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 25.01.2017 og 27.01.2017.

Uttale frå Mattilsynet Sør og Vest 25.01.2017 og 30.01.2017.

Avslag frå Kystverket Vest 23.06.2017

Klageskjema

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet Region Vest
Mattilsynet avdeling Sør og Vest
Kystverket Vest
Radøy kommune
Meland kommune
Naturvernforbundet Nordhordland v/Jan Nordø, Hoplandsvegen 74, 5943 Austrheim
Hope & Co advokatfirma på vegne av Granit Radøy og Radøygruppen AS

(1) Sendar (stemplet til forvalningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje ledet) 30.06.2017
(3) Mottakar (namn og adresse) Lingalaks AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgi datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrundgjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsettjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltinga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltinga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve